

Årsmelding 2010 for Herand Bygdelag

På ettervinteren vart det kalla inn til vaskedugnad på skulen, og oppmøtet var stort. Det vart utført ein skikkeleg rundvask av heile skulen. Styret vil takka alle som deltok, og spesielt takka Bjørg Samland, Marta Samland og Solveig Urheim som tok initiativet til dette arbeidet.

Årsmøtet i Herand Bygdelag vart halde søndag 14. mars 2010 kl. 19. Årsmøtet gav styret i Herand Bygdelag fullmakt til å disponera oppspart eigenkapital i Herand Barnehage. Årsmøtet vedtok også å endra paragraf 6 i vedtektene. Antal personar som må vera til stades på årsmøtet for at det skal vera vedtaksført, vart endra frå 20 til 12.

Etter årsmøtet har styret for bygdelaget dette året vore:

| | |
|----------------------|---------------|
| Johan Urheim | - leiar |
| Hallvard Samland | - nestleiar |
| Gerd Ingeborg Haugen | - kasserar |
| Trond Vikane | - skrivar |
| Bjørg Samland | - styremedlem |
| Lena Jondahl Haugen | - styremedlem |
| Kjell Olav Samland | - styremedlem |

Varamedlemer til styret: Britt Heidi Selsvik, Haldor Tuvin

I oktober vart det oppretta eit arbeidsutval på 3 personar: Johan Urheim, Gerd Ingeborg Haugen og Trond Vikane. Utvalet set opp sakliste, førebur styremøta og ser til at styremøtevedtak vert utførte.

I 2010 har det vore 7 styremøte.

Det vart arrangert komlemiddag i Grannahuset, skjærtorsdag 1. april. Etter komlemiddagen var det familiequiz og sal av kaffi og kaker. Dette vart eit populært arrangement med mange frammøtte.

12. - 14. april arrangerte Universitetet i Bergen eit arkeologseminar, eller som dei sjølve kalla det, ein forskarverkstad, med base på skulen i Herand. Bygdelaget sytte for mat til forskarane og dei fire kokkane Bjørg Samland, Marta Samland, Solveig Urheim og Gerd Ingeborg Haugen fekk mykje skryt for god mat. Overskotet vart ca kr 12 000 og gjekk til nedbetaling av bygdelaget sitt lån.

Den årvisse bygdedugnaden gjekk av stabelen laurdag 24. april. Det var på førehand sendt ut skriv til lag og organisasjonar om behov for dugnadsoppgåver. Sjølv om veret dugnadsdagen ikkje var det aller beste, møtte det opp ca 70 personar. Det vart utført eit stort og fint arbeid spreidd over heile bygda. Styret i bygdelaget takkar alle som deltok på dugnaden. Ei spesiell takk går til Kvinne- og familielaget som også dette året laga god mat til svoltne dugnadsfolk.

Krambua i Vik sesongopna laurdag 22. mai og hadde ope kvar laurdag fram til 14. august pluss to laurdagar i samband med haustferien. Dei har selt kortreist lokalprodusert mat: krotakaker, mjelkekaker, potetkaker, flatbrød, kjeks, knekkebrød, pai, gele og honning. Dette var andre sesongen krambua var open. Dei som har vore kremmarar melder om stort besøk og godt sal med tendensar til kødanning for å sikra seg ferske mjelkekaker. Krambua har også ei utstilling av butikkvarer frå den tid det var ordinær drift her. Styret vil takka alle som har kome med gamle varer og gjenstandar til denne utstillinga. Ein spesiell

takk til dei som står for rydding, vasking og butikksalet. Dei gjer eit stort dugnadsarbeid som vert sett pris på både av bygdefolk, hyttefolk og tilreisande turistar.

Herand Bygdeblad kom også dette året ut med fire flotte utgåver. Styret får mange positive tilbakemeldingar om bygdebladet. Det ligg mange dugnadstimar bak kvar utgåve, og styret vil takka alle medarbeidarane for flott innsats. Spesielt vil me takka Kaia Gulbrandsen og Lill Kristin Jensen som har redaksjonsansvaret.

Styret vil også takka Sigurd Johannes Trå for arbeidet med heimesida vår.

I 2010 vart bygdebladet sendt til 340 adresser, og det var ein auke på 25 frå året før.

Bygdebladet har i 2010 gitt eit overskot på ca kr 24 000.

I 2009 vart det nedsett ei gruppe som skulle laga ei skulesamling av gamle lærebøker og undervisningsmateriell frå Herand skule. Samlinga er no komen på plass i materialrommet ved sida av lærarrommet.

Bygdelaget har skifta forsikringsselskap til If Forsikring. Dette selskapet har gitt eit forsikringstilbod som ligg 3000 kr under det me betalar no.

Ein elektrisk kontroll 4.november av heile skulebygget avdekkja ein del feil og manglar på det elektriske anlegget. Dei fleste av manglane utanom verkstadavdelinga er utførte. Når det gjeld snikkarverkstaden var det krav om eit omfattande arbeid med mellom anna omlegging av det elektriske anlegget til trefasa anlegg, og skifte av alle stikk-kontaktar og takarmatur til støvtette kontaktar og armatur.

Det var Jondal kommune som i si tid godkjende avdelinga til snikkarverkstad og leigde den ut til Tre Tradisjon Herand og Arjen Stolk. Herand Bygdelag overtok og vidareførte denne utleiga av verkstadavdelinga ved kjøpet av Herand Skule i 2008.

Styret i bygdelaget vil ikkje opprusta denne avdelinga til godkjend snikkarverkstad. Det vil verta svært kostbart, og styret ser heller ikkje for seg denne typen bruk av rommet når noverande utleige tar slutt.

På julemessa 27. november hadde ca 20 utstillarar eit stort og variert utval av varer å tilby. Bygdelaget sto for grautsalet og Kvinne- og familielaget selde kaffi og kaker. Mykje folk møtte opp. Til slutt var det fakkeltog ned til båthavna og tenning av julegrana til julemusikk frå Herand Musikklag.

I krambua i Vik vart det i sommar lagt ut loddbøker på skjortesaum til hardangerbunad. Skjortesaumen var sydd av Marta Samland. Loddsalet vart avslutta med trekning på julemessa.

Barnefesten 2. juledag var det i år Tveite/Tveitehagen som sto for.

Bygdelagsbasaren 5. juledag samla mykje folk og årsalet gjekk strykande. Etter basaren i fjor vart det meldt om for lite årar. Til denne basaren vart det laga 100 nye årar, og det kom vel med. Inntekta til bygdelaget etter basaren vart ca kr 34 000. Styret takkar så mykje alle som gav dei fine gevinstane til basaren. Me takkar også for det store oppmøtet på basaren og for at pengane sat laust i lommeboka denne kvelden.

Styret har i fleire møte drøfta økonomien til barnehagen. For neste år, 2011, vert det utarbeidd eit årsbudsjett for drifta av barnehagen så snart dei nye reglane for offentlege tilskot for 2011 er klare.

I november 2010 ba styret om å få ei oversikt over økonomien i barnehagen frå barnehagen

sin rekneskapsfører i Fonn Kontorservice. Meldinga styret fekk tilbake var at drifta av barnehagen fram til oktober viste eit litt dårlegare driftsresultat, nokre få tusen kroner, samanlikna med tilsvarande tidspunkt året før. Årsresultatet det året gav eit lite overskot på ca kr 7000. På grunnlag av dette rekna styret då med at årsresultatet for 2010 ville gå i balanse. Men då styret i byrjinga av januar 2011 fekk rekneskapsfor 2010, viste den eit driftsunderskot på kr 213 710.

Bygdelaget slit med store lån frå 2008/2009. Lånegjelda pr. 31.12.2009 var kr 456 000. I løpet av 2010 er denne gjelda redusert med kr 230 000.

Bygdelaget står som eigar av ein stor og verdifull bygningsmasse. Men dei årlege driftsutgiftene er også store. Utgiftene til straum og forsikring for skulehuset og meieriet var i 2010 ca kr 140 000.

Det nye styret i bygdelaget bør vurderer om lag/organisasjonar i Herand framleis skal få bruka skulebygget gratis, eller om dei bør vera med og betala litt av desse driftsutgiftene.

Styret i bygdelaget ser det som ei hovedoppgåve å ta godt vare på desse eigedomane ved å utføra eit regelmessig og godt vedlikehald av bygningane. Men det er ikkje økonomi til å leiga vedlikehaldsarbeid. Bygdelaget må difor som så ofte før håpa på dugnadsinnsats frå bygdefolket.

Styret i Herand Bygdelag